



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 351.45

Sak nr 12/2014

Møtedato: 15.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Søknad om jakthundtrening

Norsk Engelsk Setter Klubb (NESK) avd. Valdres, Øvre Hallingdal og Hemsedal søker i e-post datert 15.1.14 om å få arrangere jakthundtrening den 22.-23. mars og 12.-13. april.

I følge hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Før 1. april sel fjellstyret treningskort for jakthundtrening og prøve i denne perioden er uproblematisk. Pris på kort er kr 120 pr dag. Frå 1.april er det bandtvang for hundar og trening etter 1. april krev dispensasjon frå kommunen. Fjellstyret har i uttale frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag til jaktkortordninga for 2014 fått merknader om at det er uheldig med lause hundar i bandtvangsperioden.

Siste helga det er planlagt trening, 12. -13. april, er i palmehelga og det er ikkje aktuelt å arrangere treningsparti då. Det kan vera eit alternativ å ta det helga før; 5.-6.april.

## Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

- 1.Prøvedato: 22.-23.4.2014. Prøve den 12.-13. april blir avslege, men fjellstyret kan i staden tillate prøve den 5.-6.4.2014. For seinare år kan det ikkje påreknast å få løyve etter 1. april.
- 2.Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
- 3.Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.
- 4.Retur: Deltakarane skal følge partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
- 5.Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.
- 6.Pris: Kr 100 pr. dag pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
- 7.Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.
- 8.Løyve er gjeve på vilkår av at kommunen gir dispensasjon frå bandtvangsreglane.

Vedtaket er samrøystes vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.14

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Norsk Engelsk Setter Klubb v/Herdis Unneland  
Vestre Slidre kommune  
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag